



VOSS HERAD 2020

INFORMASJON FRÅ "HELSE OG OMSORG" NR: 5

TA GJERNE KONTAKT! ☺

Jenny Eidnes Kjerland Tlf 91638821

Jenny.e.kjerland@granvin.kommune.no

Anne Berit Himle: Tlf 97721276

Anne.b.himle@voss.kommune.no

Trude Kvarekval Lydvo Tlf 95262088

Trude.k.lydvo@voss.kommune.no

God
sommar ☺



Anne Berit Himle

HELSE OG OMSORG

Mykje skjer i helse og omsorg. Det er store prosjekt på gang som ein jobbar med heile tida. Dette er ein krevjande prosess for alle saman. Me som tillitsvalte og verneombod har gitt klar beskjed på at alle som vil få endringar i arbeidet sitt vert godt ivaretatt og at det vert gjennomført kartleggingsamtalar. Dersom DU skal på møte og ynskjer å ha med deg ein tillitsvalt, ta kontakt, me er gjerne med deg.

På www.vossherad.no finn du diverse informasjon om samanslåinga. Me anbefaler sterkt å gå inn der å lesa. Me vil at DU skal komme med innspel til oss. Du har sjansen til å bidra- BRUK DEN!

FORSTERKA SKJERMA EINING

Voss sjukeheim har hatt ei forsterka skjerma eining gruppe. Denne gruppa vert endra og avvikla frå slik som den har vert, til at brukarar med dei behova vert ivaretekne ute i avdelingane, der dei vil få ekstra tilbud når behov for det oppstår. Trongen for ei forsterka avdeling er ikkje til stades på noverande tidspunkt.

Utredning for demens

Ved Voss sjukeheim har ein hatt ei lita gruppe der ein har hatt utgreiing/kartlegging av demens. Denne gruppa har planlagt sommarstengt, men vil verte avvikla i si heilheit då utgreiing av demens vert overført til heimebaserte tenester. Det betyr at 5 senger

på sjukeheimen vert omgjort til tenester i heimen. Ansvarlege for tilbodet ser no på korleis dei kan handtera dette tiltaket. Det er satt ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på dette. I arbeidsgruppa er det representantar frå arbeidsgjevar, tillitsvalte og tilsette.

« LEVE HEILE LIVET »

Reforma «leve hele livet» vert jobba mykje med. Her vert brukar sett i sentrum og tenestene vert bygd etter kva behov den enkelte sjølv melder at dei har. Reforma har fem punkt det skal jobbast etter, eit helsevenleg Noreg, aktivitet og fellesskap, mat og helse, samanhengande tenester og helsehjelp til eldre. Reforma har fokus på at eldre skal oppleve eit meningsfullt liv heile livet, og at den einskilde skal setjast i stand til å klara seg sjølv. Ikkje nødvendigvis med hjelp frå kommunen, men gjennom å kunna nytta seg av bidrag frå frivillige.

Tenesteutvikling i Voss Herad

Strategien: Morgendagens omsorg i mine og dine hender slår fast at me skal vri tenesta frå institusjon til heimebasert. Me skal ta i bruk omsorgsbustader og rusta heimetjenesta for denne dreinga. Det er heilt klart at personar med demens skal bu i eigen heim so lenge som mogeleg og på institusjonsplassar i heile heradet. Det er viktig at kompetanse er spreidd i alle områda, men at Vetleflaten likevel skal ha plassar som er tilrettelagt for nokon av desse personane. Ei arbeidsgruppe er derfor satt i saman som skal sjå på institusjonsplasser for menneske med demens. Ein skal jobba med å vurdere behovet for fleire plassar der. På område aust er dei elles i full gang med å sjå på korleis ein kan sjå på driinga. Heimesjukepleien i dei store områda vert vurdert delt i grupper. Korleis dei ulike plassane i Voss Herad vert nytta er ikkje heilt beslutta endå.



Trude Kvarekval Lydvo

Sommar 😊

No er det snart på tide at me tar sommarferie. Me vil herved ynskje alle de fantastiske menneske ein fantastisk flott sommar. Nyt ferien og kos deg, det er deg vel unt. Håper me får fint vær. Så møtest me igjen etter ferien klar for å gje dei flotte brukarane våre dei beste tenestene av den beste kvaliteten i det som skal verta verdens beste herad!



Den som har eit kvifor, kan nesten holde ut kva som helst korleis.

Med venleg helsing Anne Berit Himle, Jenny Eidnes Kjerland og Trude Kvarekval Lydvo